

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	05.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/83582-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/3309 - 22/67339
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - dispensasjon lagerbygg - gnr. 328 bnr. 47 - Grasdalen - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad om dispensasjon, datert 06.09.2022. Søknaden gjeld dispensasjon frå rekkefølgekrav pkt. 1.5.6 i kommunedelplan for Meland for å oppføre lagerbygg på gbnr. 328/47.


Eigedomen er regulert til industriføremål i reguleringsplanen Moldekleiv med planID 125619780001. I gjeldande kommunedelplan for Meland, vedtatt 16.10.2019, er reguleringsplan for Moldekleiv vidareført og skal gjelde i samsvar med punkt 4.7.

Punkt 4.7. syner til at punkt 1.5.6 skal supplere gjeldande plan. Punkt 1.5.6 set krav at «for framtidige og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse – Håtuft – Ådland, må trafikksikringstiltak langs Fv 245 (no fylkesveg 5310) gjennomført før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak.»

### Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå rekkefølgekrav 1.5.6 i kommunedelplan, for å få oppføre lagerbygg på eigedomen.

Alver kommune vurderer området som ikkje utbyggt industriområde då det ligg to industribygg på Skarpenesvegen 17 og 15 med ferdigattest i 2012 og 2017, bedehuset i Skarpenesvegen 29 bygd i 1988 og anna industribygg i Skarpenesvegen 21 med mellombels bruksløyve i 2018. Det er større delar av industriområdet som ikkje er bygd.



Utsnitt frå fylkesatlas som syner reguleringsplanar i området. Tomt for omsøkt tiltak er utheva med blått felt.

Gjeldande kommunedelplan for Meland vart revidert i 2019 og stillar strenge krav til trafikktryggleiken ved auke trafikk gjennom rekkefølgjekrav punk 1.5.6.

Søkar viser til Vestland fylkeskommune sitt prosjekt om oppgradering av fylkesveg 5310, og skriv at rekkefølgjekravet om oppgradering må «kunne anses å være sikret gjennomført ettersom det planlagges snarlig oppstart.»

Prosjektet for fylkesveg 5310 er ein del av Nordhordlandspakken og skal bygge etter «Detaljregulering for fv. 5310 Fosse – Moldekleiv og Fossekrysset» med planID 125620160012. Prosjektet har antatt oppstart av anleggsdrift i 2023 og forventa byggetid er to til tre år. Prosjektet omfattar utbetring av eksisterande veg, bygging av gang- og sykkelveg samt justering av eksisterande avkøyrslar, kryss og kollektivhaldeplassar.

Vi vil rå ifrå å gje dispensasjon frå punkt 1.5.6 i kommunedelplanen, då vi meiner det må haldast på kravet om trafikksikringstiltak langs fylkesveg 5310. Vi meiner også det er fornuftig å unngå overlapp av anleggstrafikk på staden og at utbetringar av fylkesvegen difor må vera ferdig før ein kan gå i gang med andre tiltak knytt til infrastrukturen her. Vi ber om å få saka sendt over når ho er ferdig handsama.

Med helsing

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*